

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva		14/605

Saksnr	Utvælg	Type	Dato
10/2014	Kommunestyret	PS	19.02.2014

## Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og Meland Idrettsråd

### Vedlegg:

Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og meland idrettsråd.doc

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Meland Idrettsråd ved leiar Bjørn Tore Hesjedal har sendt eit framlegg til samarbeidsavtale mellom Meland Idrettsråd og Meland kommune.

Alle kommunar med fleire enn tre idrettslag skal ifølgje Noregs idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komité (NIF) ha eit idrettsråd. Meland Idrettsråd representerer den organiserte idretten i kommunen og er sett saman av valde medlem frå idrettslag i Meland kommune. Dei viktigaste oppgåvene til Idrettsrådet er å vere bindeledd mellom idretten og kommunen sin administrative og politiske leiing. Idrettsrådet arbeider for at idretten i kommunen får best mogeleg arbeidsvilkår. Det har ikkje tidlegare vore utarbeidd ein samarbeidsavtale og utkastet til avtale som ligg føre, skal reviderast etter to år.

#### Vurdering

Det er positivt at Meland Idrettsråd har teke initiativ til å lage eit framlegg til avtale mellom Idrettsrådet og Meland kommune. Mange av punkta i avtalen har allereie fungert på det praktiske plan i lang tid, men det er alltid ei føremon å få avtalar på plass slik at ansvarstilhøva er klarlagt.

Framlegget til samarbeidsavtalen slik den ligg før frå Meland Idrettsråd er sett opp med ei kort innleiing og åtte punkt.

1. *Det skal haldast minst eitt årleg møte mellom Meland idrettsråd og kommunens politiske og administrative leiing. Eit slike møte vil sikre begge partars behov og informasjonsutveksling på ein ryddig måte.* Slike møte vert allereie gjennomført og er særstilt nyttige. Det bør vere Meland kommune som kallar inn til det faste møtet og/eller Idrettsrådet som tek initiativ til andre møte om det er behov for dette.
2. *Fastsette datoar for aktuelle kommunale søknader.* Det er naturleg at Idrettsrådet og Meland kommune i samarbeid kjem fram til aktuelle datoar for kommunale søknader, men i realiteten er desse langt på veg styrt av fristar frå stat og fylkeskommune. Punktet bør ha følgjande utforming: *Idrettsrådet skal vere høyringsinstans for fastsetting av datoar for aktuelle kommunale søknader.*

3. *Idrettsrådet er høyringsinstans i prioritering av spelemidlar.* Denne ordninga har fungert i lengre tid og vil halde fram.
4. *Idrettsrådet kan gje uttale i forkant av budsjettforhandlingar som vedkjem kultur-/idrettsfeltet.* Dette punktet kan vere eit av fleire punkt som vert diskutert på det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune jfr. pkt 1 i avtalen.
5. *Idrettsrådet skal vere ein høyringsinstans og samarbeidspartner i kommunens planarbeid innan idrett, friluftsliv, folkehelse og nærmiljøanlegg. Gjeld også evt interkommunalt og regionalt samarbeid/regionale anlegg.* Idrettsrådet er allereie høyringsinstans i det kommunale planarbeidet som omfattar ovannemnde punkt.
6. *Idrettsrådet skal vere ein høyringsinstans ved tildeling av tid ved kommunale idrettsanlegg.* Idrettsrådet har god kontakt med dei ulike idrettslaga, det vil difor vere naturleg at dei er høyringsinstans i slike saker.
7. *Idrettsrådet skal bli informert om søknader til kommuneadministrasjonen fra aktørar innan idrett/friluftsliv.* Meland kommune vil oppmøde Idrettsrådet sjølv til aktivt å innhente denne informasjonen. Men det er og mogeleg at dette punktet skal vere eit av fleire punkt som vert diskutert på det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune jfr. pkt 1 i avtalen.
8. *Idrettsråd og kommune skal aktivt samarbeide for å finne gode løysingar for å inkludere personar/grupper med særlege behov.* Dette er eit viktig punkt og eit samarbeid på dette området er heilt naudsynt for å få eit best mogleg resultat for den/dei det gjeld.

Dei fleste punkta i avtalen er i samsvar med praksis slik det har vore gjennomført til no. Noverande administrasjon kjenner ikkje til korleis pkt 7 har vore gjennomført, men ser at dette kan føre til ein del meir arbeid. Dei fleste søknader vil bli handsama på ein slik måte at Idrettsrådet vil få dei på høyring eller til anna behandling, dei andre vil det bli informert om på det årlege møtet. Det bør difor vere eit tillegg til pkt 7 i avtalen:

*Idrettsrådet skal bli informert om søknader til kommuneadministrasjonen fra aktørar innan idrett/friluftsliv **anten gjennom høyringar/uttale eller ved det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune.***

#### Rådmannen - framlegg til vedtak:

"Samarbeidsavtalen mellom Meland Idrettsråd og Meland kommune vert vedteken slik den ligg føre med følgjande endringar:

Pkt. 2 Idrettsrådet skal vere høyringsinstans for fastsetting av datoar for aktuelle kommunale søknader

og tillegg i pkt. 7 .... **anten gjennom høyringar/uttale eller ved det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune.**

Pkt. 7 vert slik

*Idrettsrådet skal bli informert om søknader til kommuneadministrasjonen fra aktørar innan idrett/friluftsliv **anten gjennom høyringar/uttale eller ved det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune.***

## 21.02.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

### ULK-008/14 – Samrøystes framlegg til vedtak:

Samarbeidsavtalen mellom Meland Idrettsråd og Meland kommune vert vedteken slik den ligg føre med følgjande endringar:

Pkt. 2 Idrettsrådet skal vere høyringsinstans for fastsetting av datoar for aktuelle kommunale søknader

og tillegg i pkt. 7 .... **anten gjennom høyringar/uttale eller ved det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune.**

Pkt. 7 vert slik

*Idrettsrådet skal bli informert om søknader til kommuneadministrasjonen frå aktørar innan idrett/friluftsliv anten gjennom høyringar/uttale eller ved det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune."*

### Kommunestyret - 10/2014

#### **KS - behandling:**

#### **KS – samrøystes vedtak:**

"Samarbeidsavtalen mellom Meland Idrettsråd og Meland kommune vert vedteken slik den ligg føre med følgjande endringar:

Pkt. 2 Idrettsrådet skal vere høyringsinstans for fastsetting av datoar for aktuelle kommunale søknader

og tillegg i pkt. 7 .... **anten gjennom høyringar/uttale eller ved det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune.**

Pkt. 7 vert slik

*Idrettsrådet skal bli informert om søknader til kommuneadministrasjonen frå aktørar innan idrett/friluftsliv anten gjennom høyringar/uttale eller ved det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune."*